



To vikepliktsskilt står på 'halv åtte' i Uskedalen, eit på Steinsletto ved Børnes og eit i sentrum ved Grano.

Skilt vert frå tid til anna rivne ned eller køyrde på. Litt uvanleg er det at dette skjedde med to vikepliktsskilt i ei og same veke, eit på Seinsletto og eit i sentrum. Uskedalen.no kjenner ikkje til bakgrunnen, men reknar med det eit uhell i det vogntog, traktorar med hengarar eller lastebilar har svinga ut på Fylkesvegen.

Det eine skiltet som står på 'halv åtte' er i utkøyrsla frå Børnes industriområde på høgre side. Det er litt knapp svingradius, noko som kan vera medverkande til uhellet. Frå Børnes er det stor arbeidstrafikk frå fleire verksemdar, ikkje minst vogntog med tømmer til Børneskaiaen.

Det andre skiltet er i sentrum i utkøyrsla frå Sandavegen til Fylkesvegen. Her er det til vanleg stor trafikk med alle som kjem frå SPAR og båthamna og skal inn på hovudvegen. Mange vogntog skal inn på plassen ved Gamleskulen for avlesing eller omlasting. Nokre brukar plassen for kortare parkering. Skiltet, som er skada, står på venstre sida.

Det er MESTA som har driftsansvaret for skiltvedlikehald. Dei er lokalisert på Børnes med lager og utstyr og har truleg merka seg skiltsituasjonen. Slik det står i dag, kan det vera trafikkfarleg og for dei som ikkje er lokalkjende, kan det føra til mistydingar i trafikken.

For nokre veker sidan var ein yrkessjåfør uheldig og køyrde på ei blomekrukke ved Infotavla. Sjåføren kom på SPAR og melde frå om skaden. Han ville til og med dekkja kostnaden med ny krukke.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal